

Stavseng

Av Knut Raastad, 2017



Stavseng gnr. 71 bnr. 5 (også skrivi Staf seng) ligg i Nordherad vest for Kvarberg og aust for Felleselykkja. Stavseng er nemn på fleire jordstykke lengst vest på oppigard Kvarbergs-jordet nedanfor dagens Stavseng (Gammel-Stavseng, Stavseng-åkeren, Stavseng-holet), dette tyder på at Stavseng har vore eit større bruk som har kome saman med Kvarberg.

Skoskatten 1711 nemner på nigard Kvarberg Svend husmann og Gunder Pedersen husmann, men det er usikkert om dei var i Stavseng.

Ole Eriksen Stavseng f.ca.1716 d.1767 er fyrste gong nemnd Staf seng i 1753. Ole var gift med Anne Olsdotter d.etter 1767 frå Jettskjellen på Dovre dotter til Ola Eiriksen Budsjord 1669-1745 og Marit Jørnsdtr. syg. Killi 1683-1770. Ole og Anne hadde 2 barn:

Rannei f.ca.1754 d.1834, neste brukar

Aaste f.ca.1756 d.ca.1774

Rannei Olsdtr. Stavseng f.ca.1754 d.1834 var gift med Jakob Christoffersen f.ca.1749 d.1822. son til Kristoffer Olsen og Kari Jonsdtr. på Galstad. Rannei og Jakob hadde 7 barn:

Christoffer f.1776, ugift tenar på Siem i 1801

Ole f.ca.1779 d.1847, hadde u/e med Eldri Valbjørseie sønnene Ole f.1813 og Knut f.1818

Jon 1783-1850, neste brukar

Anne f.ca.1787 d.1852, g.m. Jakob Olsen Ringnesset 1786-1850

Kari d.1790 d.før 1801

Jakob 1792-1870, g.m. Anne Knutsdtr. Kleppeie (Aasen) 1794-1864. I Ruskeløkken.

Kari 1795-1813

Jon Jakobsen Stavseng 1783-1850 vart 1815 gift med Kari Pedersdtr. Kolgroven 1785-1870 dotter til Peder Rasmussen 1744-1832 og Ane Olsdtr. Jon og Kari hadde 1 barn:

Peder 1815-1863, neste brukar

Peder Jonsen Stavseng 1815-1863 var ugift. I 1865 var Kari Pedersdotter føderådskone og Stavseng vart drivi saman med nigard Kvarberg. I 1875 er ikkje Stavseng nemnd i folketellinga, Stavseng kan ha vorte teke i bruk att som eige bruk mellom 1885 og 1889.

Ole Olsen Valbjørsløkken 1856-1938 var son til Ole Paulsen. Ole Olsen vart 1885 gift med Anne Pedersdotter Randen f.1859 dotter til Peder Thoresen. Ole og Anne er nemnd som inderst i Valbjørsløkken i 1885, men frå 1889 er dei nemnde som husmannsfolk i Staf seng. I 1900 er Ole Olsen Staf seng nemnd som husmann og gardbrukar og bur i Stavseng saman med kona og dottera. Ole og Anne Staf seng reiste til Amerika i 1905, men han kom att og budde i nedre Valbjørslykkja. Ole og Anne hadde 3 barn:

Kari f.1885, til Minnesota i 1905

Ole 1889-1890

Oline f.1891, til Minnesota i 1905

I folketellinga 1910 er ikkje Stavseng nemnd, men i 1908 budde truleg Ola Raastad s. 1855-1928 der, han var bror til Pål Raastad på nigard Kvarberg. Ola var gift med Rønnaug Pedersdotter Spellemannsstuen 1863-1950, og i 1908 er Stavseng nemnd som buplass ved dåp av dotter til syster hennar. Mari 1908-1975 var dotter til Pauline Spellemannsstuen 1875-1913 og Ola Olsen Holbøsveen. Mari vart pleiedottera til Ola og Rønnaug, kanskje alt frå starten.

Stavseng var husmannsbruk under nigard Kvarberg. Gnr. 71 bnr. 5 Stavseng vart frådelt ved skylddeling tinglyst 20.10.1923. Skjøte frå Ole Kvarberg til Jon Veien for kr 8000,- er datert 11.4.1923.

Jon J. Veien 1879-1947 var u/e son til Jon Engebretsen Svelstad f.ca.1834 d.1900 og Imbiør Hansdtr. Veien 1846-1904. Jon J Veien var gift med Ingeborg Pålsdtr. Kleiven (øvre Kleiven i alm.) 1874-1952, dotter til Pål Eriksen Kleiven 1842-1934 og Brit Hansdtr. Sønsteli (Holshaugen) 1844-1912. Både i 1908 og 1911 var dei på Kvarberg, så det må vera etter dette dei har starta i Stavseng. Ingeborg hadde 2 barn med Anders Johnsen Stordalen f.1873:

Pauline f.1897

Gunhild 1901-1973, g.m. Jørgen Skjedsvold 1897-1989. På nördre Skjedsvold.

Jon og Ingeborg hadde 2 barn:

Inger 1908-1983, g. Brualøkken på Dovre

Pål 1911-1985, neste brukar

Pål Stavseng 1911-1985 overtok i 1947. Han vart 1952 gift med Eva Fjellheim f.1930, dotter til Hans Fjellheim f.1892 og Ragnhild Hesthagen f.1896. Pål og Eva hadde 2 barn:

Liv Ellen f.1952, g.m. Jostein Bø

Åse Marie f.1957, g.m. Svein Erik Aronsen

Liv Ellen Stavseng Aronsen og Åse Marie Stavseng Bø overtok Stavseng frå mora i 2008.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

P.Ø.Kvarberg 2000: Slekt i Vågå g Lom, Stavsengslekten med forgreiningar bl.a. til Ringnesset og Brun Slekten på Fellese med Helle-, Helleløkken- og Resvoldrekken

Panteregister, grunnbok

1881.no

Folketelling 1865, 1875, 1900

Jakup Skjedsvoll, Gudbrand 2009-2: Dovringar til Vågå

Utvandrarlistar